



Haustetidsvurderingar for Nordfjord 20. august 2019

Denne veka er dei fyrste haustetidsprøvene tekne ut i Nordfjord. Det er teke ut tre prøvar av Discovery og ei prøve med Summerred.

Nye prøvar blir tekne ut kvar måndag framover og resultatata blir lagt ut tysdag på fruktlageret si heimeside www.innvikfrukt.no
NLR Vest sender og ut resultatata i ei felles fruktmelding på tysdag ettermiddag.

Opplegget for prøveuttak blir som tidlegare år med prøvar av ulike sortar etter kvart som dei nærmar seg starthausting. **Prøvene representerar eple som er komne lengst i utvikling og som fyrst vil vere hausteklar i hagane.** Det blir teke ut prøvar både frå tidlege og seine plassar. Likevel må dyrkarane følgje med utviklinga i egne hagar då det er skilnad i utvikling i høve til alder på felt, grunnstamme, avlingsmengde, jordart, vatning og gjødsling.

Hjå Innvik Fruktlager får ein kjøpt fargevifter for måling av grunnfarge. Dersom nokon vil ta prøvar og gjere målingar frå egne hagar har NLR jodløyising og bilethefter med rettleiande verdiar for stivetesting for sal.

Hugs at sukkerinnhald åleine ikkje er godt nok haustekriterium, men må sjåast i samanheng med fruktfastleik og stiveinnhald. Grunnfargen må også vera på plass før hausting. Hausting i fleire omgangar er tilrådd for alle sortar.

Discovery

Det er teke ut prøvar frå Loen, Rake og Sandane. Siste tida har epla utvikla betre dekkfarge, men denne skal utvikle seg til raud og skinande ved starthausting. Grunnfargen er blitt lysare, men skal vere smørgul ved starthausting.

Resultata er vist i tabellen under.



Discovery

Rettlei.

Til Bama*

Dyrkar	K O Loen	E T Rake	G A Vereide		
Adresse	Loen	Loen	Sandane		
Prøve nr	1	2	3		
Dato	20.08.2019	20.08.2019	20.08.2019		
Fruktvekt (g)	135	111	138		
Avling	3	4	2-3		
Fastleik	9,4	8,8	9,2	7,0-8,0	Min 7,0
Ref	9,7	9,9	9,6	10,8	10,8
Stive	1,8	2,4	2,2	6,0-8,0	6,0-8,0
Streif	0,535	0,371	0,433	0,09-0,16	

*Glinsande raud dekkfarge,
grunnfarge C3 på fargeskalaen

Bilete under viser dekkfarge, grunnfarge og stiveinnhald i prøve nr 2 som har lågast streifverdi, men som enno har ei god stund fram til starthausting.





Konklusjonen er ganske klar; Fargeutviklinga er enno for svak, stiveinnhaldet er for høgt og sukkerinnhaldet for lavt. Frukta er enno småfallen, dette skuldast og litt for mykje på trea. Discovery er enno uferdig og frukta må hange på til ut i september.

Summerred

Det er teke ut ei prøve Summerred frå ungt felt som ligg tidleg til.

Summerred	Rettl.	Til Bama
Dyrkar	G A Vereide	
Adresse	Sandane	
Dato	20.08.2019	
Fruktvekt (g)	151	
Avling	3	
Fastleik	8,3	6,5-7,0
Ref	9,8	10,5
Stive	2,9	5,0-7,0
Streif	0,291	0,09-0,16

Frukta har utvikla fin dekkfarge siste tida og grunnfargen lysnar. Frukta er enno fast og har for lavt sukkerinnhald. Som bilete under viser er stivenedbrytinga starta opp, og sukkerinnhaldet vil auke etter kvart som stiveinnhaldet minkar framover mot starthausting.



Nye prøvar blir teke ut komande måndag, resultatata blir sendt ut tysdag 27. august.

Helsing
NLR Vest
Rune Vereide